

Ser en til turiststrømmen, synes St. Olavs kirke ennå å eie sin dragende makt. Sagaens ord: «Paa hver sti drev det folk», er like levende som i middelalderen. Men i dag tilbakelegges de ofte lange strekninger gjennom Trøndelag med en hast som fortiden ikke kunne tenke seg. Allikevel fester naturopplevelsene seg, og Trøndelag trer fram i øyeblikksbilleder av den varierte og rike natur. Øyet som søker ut over dette merkelige midtrike som tvillingfylkene danner, finner havet som bruser mot den nakne kyst, mot båer og skjær — ser mot de svære øyene i leden — den brede fjorden og de smale sund, ser de smilende egner med fete gressganger og den karrige fjellgrennen — ser de tunge skogene og de steile fjell og viddens fred — alt bunnet sammen med landets historie til eventyret Trøndelag.

Her er landets hjerte!



Fra turismens første år

LEIF HALSE

Møte med deg sjøl

*Her i den store stilla
møter eg sant meg sjøl
— det inste, eg helst vil møte
skerapa for jugl og gjøl.*

Det er Oppdals-diktaren Ola Setrom som har skreve dette verset, og verset finn du i eit lengre dikt i den siste diktsamlinga han gav ut.

Ola Setrom kjente seg sterkt knytt til fjellet og livet der, til Trollheimen og Blåhø, til tjonner «der lomen skrik langt sørmed landom» og «rypesteggen skrattar i vidjom». Med ikkje alt for lange mellomrom laut han til fjells, inn i einsemda og møte seg sjøl.

Og slik er det med fleire enn han. Med ikkje alt for lange mellomrom blir du fanga inn av lengten etter fjell og vidder. Det brenn som feber i ditt blod, og fred får du ikkje før du har sagt farvel til by og tettbygd, rista kvardagsjaget av deg og funne stigane som fører deg bort frå bussar og bilar, grammofoonar og høgtalarar og inn i fjellheimen og fjellstilla.

Ja, er det så heilt stilt i fjellet? Svaret kan bli både ja og nei, for det lever og let rundan ikring deg: Lomen skrik sørmed landom, og rypa skrattar i vidjerastom — der er søg frå elv, og det er sikling i bekk. Og det er fjellvinden som tyt og aldri teier — som vandrar på namnlause stigar over teler og toppar, leikar i finnskjegg-graset og får myrulla til å svinge i mjuke bærer på myrane. Nei, daudstill er fjellheimen ikkje, men alt det du hører er låter

og lydar som hører fjellet til, det er strofer av «ensomhetens store sang» som brusar mot deg og fyller hugen din med ro og fred. —

Så er det ein sommarkveld langt inne i Trollheimen. Du sit på ein opphøgd stad og let augo gå over marklenda som ligg der framfor deg med myrstrupar og vidjerastar og grågrøne mose-rygger. Her veks fjellbjørk og furukragg, og ein og annan gadden står grå og tå-glømt med lynsvidd topp og nakne greiner. Slake lier lågnar ned mot eit vatn — det ligg som i ei skål. Ved vassoset veks storrgraset friskt og frodig, og utfør søre landet ser du ein låg holme som liksom flyt på vatnet. I stille viker er vatnet blankt, men lenger utpå grånar det til når fjellvinden dreg handa si varsamt over vassflata. Lengst i vest stangar blåkvite høer og hetter mot himmelen, og i lyset frå kveldsola skin breene med ein underleg kald emaljeglans. Så sit du der og ser og ser og blir aldri lei av synet. Timar går utan at du veit kvar det blir av dem, og ei vedunderleg ro fyller hugen din. Det er i slike stunder at du går i møte med deg sjøl.

Brått rykkjer du til ved at ein sterk og framand larm slår inn over deg. Du kjenner låta: Nede på vatnet er det nokon som har sett i gang ein påhengsmotor, og denne moderne bråkmaskina øydelegg all fred. Det skjer gjennom nervane dine og riv deg bort frå alt som heiter kvile og einsemd, bryt inn i «ensomhetens store sang» som ein falsk og brutal tone og skaper ein skjerande dissonans. Og du merkar smertesamt at sola er ikkje så blank lenger — ein kald skugge har teke glansen frå den gode stunda da du var åleine og hadde møte med deg sjøl!

Og kva skal ein så med ein påhengsmotor her inne i einsemda og fjellstilla? Treng nokon ha det travelt her? Gjeld det om å koma vatnet til endes på rekordtid? Nei og atter nei! Her skal ein gjera seg god tid! Ein *må* gjera seg god tid, om fjellet skal få gje ein det ein er på leitning etter!

Men meir og meir av slikt som larmar og bråkar finn vegen til fjells og fyller dagane og kveldane med kvasse låter — låter som skjer i ørene og riv i sinnet. Og det er vel helst ungdommen som dreg dette med seg. Det er underleg med ungdommen no for tida — han trivst ikkje utan at det skramlar og let. Motorsyssel-

bråk, grammofon-surr og høgtalar-surr følgjer han kvar han så fer — også i fjellet. Det er som han ikkje kan vera slikt forutan — han er redd for einsemda og stilla, redd for å møte seg sjøl! Det blir gjort mykje for ungdommen no for tida, men tru om det ikkje er noko vi glømmar: å venne dei unge til å bli glade i dei stille stunder i livet, å lære dem til å møte fjellet utan larm og bråk, slik at «ensomhetens store sang» brusar imot dem og fyller hjerte og sinn, lære dem til å møte seg sjøl utan jugl og gjøl!

I gamle dagar hendte det og at dei laga bråk og ulåter på setra og i fjellet. Dei kringelhauka, og dei bles i lur, og i mørke netter kunne ein høre skrellet av ein vasshammar som gjekk rundt borti bekken og dundra og slo på eit blekklokk. Men det var for å skremme skammadyr og jage bjønn som var ute etter sau og ku. Slikt vart aldri gjort i utrengs mål. I gode og solhøge dagar tagde lur og vasshammar. Men bjellene song i fjellstilla, elva skvala med isgrønt vatn over storstein og sandørar, vinden kviskra i nov og neverufs, og timane gjekk utan at nokon visste kvar det vart av dem.

Og det er slik du gjerne vil at fjellet framleis skal vera: utan bråk og utan larm og ulåter som følgjer vår moderne tid. Du vil at det framleis skal vera fred og ro i fjellet, så du kan få møte deg sjøl og granske gåtene i ditt eige sinn.

I ein avstengt fjelldal gjekk ei setertaus og stelte bu og buskap. Ein turist kom på å spørje henne om ikkje tida fall lang der i fjellet og einsemda, og setertausa svara at ho hadde aldri merka noko slikt. Dagane rann «som bekken klår etter steinom», og når ho hadde tid til det, sette ho seg ned og såg mot Tårnfjellet. Ho vart aldri lei av å sjå på det fjellet, sa ho.

Slik kjenner også du det, når du sit på ein opphøg stad og let synet vandre over myrar og moserabbar, over vidjerastar og vide vangar, mot høgder og blåkvite fjell: du blir aldri lei av å sjå, du blir aldri ferdig med det. Du kjenner deg løyst frå alle plikter og band — det er ingen ting som gneg og skaper uro lenger. Ei vedunderleg ro fyller hugen, og du kjenner deg skyld med sjølve lykka. I slike stunder vandrar du i møte med deg sjøl, Sansane dine opnar seg på ein ny og underleg måte, og i skjelvande glede hører du «ensomhetens store sang bruse til ditt øre.»